

Løvliens honorar

Eg viser til artikkel av Leif Vetlesen i Aftenposten den 15.5. med tittelen «Emil Løvlien hadde fortjent sitt honorar».

Underskrivne har i mange år vore kjend med at Emil Løvlien publiserte artikkelen «Om läget i Norges Kommunistiske Parti» i Kominforms vekeavis, svensk utgåve, «För varaktig fred, för folkdemokrati!» – nr. 5/1950, s. 2. Eg har den i mitt arkiv. Poenget er at «honoraret» frå toppleinga i det sovjetiske kommunistpartiet var meint å finansiera det ekstraordinære NKP-landsmøtet der Furubotn-fløyen vart ekskludert i 1950. Det står i dokumentet:

«... yta materiel hjelp til NKP i ein sum av 6000 norske kroner.» Dinest vart Kominforms mann i Bukarest, redaktøren for Kominform-avisa, Pavel F. Judin, «pålagt... overrekkinga av denne summen». Då Politbyrået vedtok at utbetalinga skulle gå via det sovjetiske finansdepartementet, viser det at summen var ei statleg, sovjetisk overføring til NKP som parti, ikkje som honorar til Løvlien som privatperson.

Forskarar som har arbeidd inngåande med kommunistrøsla, veit at det var praksis at SUKPs internasjonale avdeling for kontakt med kommunistpartia utarbeidde dokument og artiklar som leiarar i kommunistpartia eventuelt las gjennom før dei sette namna sine under.

Til hausten publiserer eg ei bok der desse dokumenta og andre NKP-SUKP-forhold kjem fram, blir fylldig dokumenterte og drøfta.

TORGRIM TITLESTAD
Stavanger

109937

RF

23/5-910